



tekl@online.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5161 - 14/27434

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

09.12.2014

Svar på ny førespurnad om dokumentasjon - gbnr 17326 Rydland - bruksendring

Det vert vist til dykkar skriv journalført den 09.12.2014. De ber om tilbakemelding om kommunen treng meir dokumentasjon enn det vedlegget som var med søknaden, og om kommunen vil ha ein eigen søknad om dispensasjon knytt til TEK §§ 12-7, 12-16, 13-1 14-1 og fritak for trykktesting. Kommunen må ha utfyllande dokumentasjon for å handsame søknaden. Etter det vi kan sjå har vi svart på dykkar førespurnad tidlegare i vårt skriv av 04.12.2014 der det går fram at:

«Vi gjer merksam på at det er ikkje kommunen som har sett krav om dispensasjon frå teknisk forskrift. Kravet ligg i lovverket. Dersom søknad om bruksendring skal realitetshandsamast utan at tekniske krav etter tek 10 vert oppfylt, kan ein enten dokumentere at ein oppfyller krava i pbl § 31-2 bokstav d eller søke om dispensasjon frå tek 10.»

Kommunen har ikkje fått tilstrekkelege opplysningar for å vurdere om § 31-2 bokstav d kan nyttast i dette tilfelle, men ut frå det opplyste har kommunen tidlegare lagt til grunn at vilkåra for unntak etter føresegna ikkje let seg gjennomføre. Som nevnt i telefonsamtale med ansvarleg søkjar må det dokumenterast kva type utbetringar som let seg utføre og dokumentasjon på kor store avvika blir i forhold til krava i TEK 10. Dokumentasjonen er framleis ikkje lagt fram.»

Uavhengig om det vert søkt om dispensasjon eller at ein legg fram dokumentasjon i samsvar med pbl § 31-2 bokstav d, må det dokumenterast kva type utbetringar som let seg utføre og dokumentasjon på kor store avvika frå det omsøkte blir i forhold til krava i TEK 10. I forhold til søknad om dispensasjon frå teknisk forskrift må ein presisere nøyaktig kva det søkes om dispensasjon, mao. kva for eit krav i forskriften ein søker dispensasjon for. Søknaden må grunngis.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

tekl@online.no

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

